

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 19.12.2018
FRÅ: Fagdirektør Marta Ebbing
SAKSHANDSAMAR: Seksjonsleiar Stig Harthug
SAKA GJELD: **Ny ordning for kvalitets- og pasientsikkerheitsutval i Helse Bergen**

STYRESAK: **120/18 0**

STYREMØTE: **19.12.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Som ledd i å følgje opp ForBetrings-undersøkinga og styrke arbeidet med kvalitet- og pasientsikkerheit, har Helse Bergen oppretta eit sentralt kvalitets- og pasientsikkerheitsutval som består av Føretaksleiinga og føretaks-hovudverneombod. Alle kliniske nivå 2-einingar har eller er i ferd med å opprette lokale kvalitets- og pasientsikkerheitsutval. Den nye utvalsstrukturen er godt forankra i leiinga, og skal bidra til eit tydelig og systematisk fokus for forbetningsarbeid og pasientsikkerheit og fremme organisatorisk læring innan og mellom einingane.

Fakta

Etter spesialisthelsetenestelova §§ 3-4 og 3-4 a skal helseføretak opprette kvalitets- og pasientsikkerheitsutval, som skal syte for at verksemda arbeidar systematisk for kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit. Arbeidet skal drivast i samsvar med [forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta](#), og sørge for at føretaket sine aktivitetar vert planlagt, gjennomført, evaluert og koordinert slik at det fremjar kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit.

Føretaksleiinga handsama spørsmålet om ny utvalsstruktur innanfor områda kvalitet, pasientsikkerheit og forbetningsarbeid i møte den 30.01.2018, jf. sak 34/18. Føremålet med nyordninga var å knytte Føretaksleiinga tettare til kvalitets- og pasientsikkerheitsarbeidet og å styrke evna til å lære på tvers av einingane i organisasjonen. Det vart vedteke å opprette eit sentralt utval, og at det skulle opprettast slike utval ved alle dei kliniske nivå 2-einingane der det ikkje allereie fanst. Nyordninga vart handsama i møte i kvalitets- og pasientsikkerheitsutvalet 19.06.2018 og 25.09.2018, jf. k-sak 1/18 og 2/18.

Føretaksleiinga med tillegg av hovudverneombodet opptrer som sentralt kvalitets- og pasientsikkerheitsutval. Utvalet skal handsame viktige saker innan pasientsikkerheit, mellom anna rapportar om alvorlege hendingar som vert varsla til Statens helsetilsyn og eventuelt politiet, rapportar om uønskte hendingar, og rapportar om risiko og hendingsanalysar, revisjonar, tilsyn, mv. Læringsnotat om kjende risikofaktorar og forslag til tiltak om korleis uønskt risiko kan reduserast skal òg handsamast av det sentrale utvalet. Seksjonsleiaren i Seksjon for pasientsikkerheit ved Forskings- og utviklingsavdelinga er utvalssekretær. Det sentrale utvalet har møte regelmessig eller ved behov, så langt har det vore tre møter (juni, september og november) i 2018.

Dei lokale kvalitets- og pasientsikkerheitsutvala skal opprettast av nivå 2-leiar, og organiserast på den måten som passer for den kliniske eininga, etter eininga si størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Dersom ei eining ikkje etablerer eit eige lokalt kvalitets- og pasientsikkerheitsutval, fell oppgåvene på leiargruppa, og leiargruppa bør då opprette seg sjølv som lokalt kvalitets- og pasientsikkerheitsutval. Verneombodet i eininga skal ha sete i utvalet, og representant for eininga sine brukarar/pasientar skal òg ha sete i utvalet med mindre dette ikkje er naudsynt eller hensiktsmessig. Dei lokale utvala skal handsame saker som kan avdekke uønskt risiko ved måten verksemda er organisert og vert driven. Når slik risiko vert avdekka, skal utvala syte for at effektive tiltak vert utarbeidd og sett i verk. Dei lokale utvala skal ha oversikt over alle relevante aktivitetar i eininga, og handsame saker som

spring ut av verksemda, til dømes avvikssaker, klager, NPE-saker, tilsyn, risikovurderingar, forbetningsprosjekt og pasientsikkerheits-visittar. Handsaminga skal ta sikte på organisatorisk læring. Lokale utval møtest minst fire gonger per år.

Alle dei kliniske nivå 2-einingane har per 30.11.2018 meldt at dei har eit eller fleire aktive utval eller er i ferd med å etablere slike utval. Fleire av utvala har rekruttert brukar/pasientrepresentantar.

Det sentrale utvalet skal fremme saker til dei lokale utvala når det er naturleg at tiltak eller annan oppfølging vert gjennomført i dei kliniske einingane. Likeeins skal dei lokale utvala fremme saker for det sentrale utvalet når dei er særleg viktige, eller dei er relevante for andre einingar. Dei lokale utvala kan òg knyte direkte kontakt for å samarbeide om saker som er særleg egna for det. Det tidlegare Pasientsikkerheitsutvalet beståande av 10 fagpersonar med særskild interesse og kompetanse for pasientsikkerheit er gjort til eit fagråd som går gjennom melde hendingar og skal gje råd og fremje saker til kvalitets- og pasientsikkerheitsutvala.

Kommentarar

Det sentrale og dei lokale kvalitets- og pasientsikkerheitsutvala er godt forankra i Føretaksleiinga og skal knyte saman Helse Bergen sitt arbeid for kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit, og legge til rette for organisatorisk læring innan einingane, og på tvers mellom einingane.

Leiinga i Helse Bergen ser det slik at den nye utvalstrukturen er ein viktig føresetnad for eit aktivt kvalitets- og pasientsikkerheitsarbeid i helseføretaket. Leiinga vil fortsette arbeidet med å gjennomgå og legge til rette for læring av hendingar og saker som kan bidra til forbetring av tenestene og tryggleiken for pasientane.

Konklusjon

Styret tek saka til orientering.

Vedlegg

1. Mandat for Kvalitets- og pasientsikkerheitsutvalet
2. Lokale kvalitets- og pasientsikkerheitsutval: Føremål, oppgåver og organisering